

**Fire måneders ventetid på svar om tomt**

02.03.2007

**Dei som søker om frådelling av hyttetomt i Kvinnherad må vera tålmodige. Kåre Hauge på Nesttun i Bergen er ein av dei.**

13. februar søkte han kommunen om frådelling på Skorpo og no har han fått svar frå kommunen – som stutt sagt går ut på at han må smørja seg med tålmodigheit i over tre månader til.

- Saka vil venteleg bli avgjort i løpet av juni 2007, skriv verksemndsleiar Anne Lise Olsen til han, og ho legg til dette:
- Grunngevinga er at vi har mange sjukmeldingar og stor arbeidsbyrde og mange dispensasjonssakar slik at nye dispensasjonssakar må vente ei tid.

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland opplyser til uskedalen.no at avdelinga har vore hardt ramma av sjukdom i den seinare tid.

Dessutan tek dispensasjonssakar forholdsvis lang tid fordi dei må sendast ut på høyring og ofte må foreleggast for politikarane etterpå.

Av Ola Matti Mathisen